



ÅRSMELDING 2020

SAKSARBEIDET

Haugalandet og Sunnhordland jordskifterett omfattar i alt 15 kommunar i Sunnhordland og Nord-Rogaland, og har kontorstad på Stord.

I 2020 kom det inn 40 nye sakskrav, og det blei avslutta 54 saker. Talet på føreliggande saker ved årsskiftet var 101. Det betyr at restansane har gått ned, men framleis er det for mange føreliggande saker til at sakene kan takast opp til handsaming innan 6 månader slik som forventa. Hovudtyngda av dei avslutta sakene gjaldt tvistar om rettstilhøve, særleg knytt til problemstillingar i strandsona. Resten gjaldt endringar i arealbruken samt rettslege skjønn.

RETTSMEKLING

Rettsmekling har vore eit satsingsområde også i 2020. Mange av dei avslutta sakene blei avslutta ved rettsforlik, enten som følgje av rettsmekling eller som del av hovudforhandling. I dei aller fleste tvistesaker og rettslege skjønn får partane tilbod om rettsmekling.

PERSONELL

Bakke, Terje Olav	Overingeniør
Eikemo, Brita	Førstekonsulent
Kannelønning, Jan V.	Overingeniør
Lønning, Hanne K.	Førstekonsulent
Masdal, Ingvald	Jordskiftedommarfullmektig
Roalkvam, Oddmund	Jordskifterettsleiar
Ruud, Iselin G.	Jordskiftedommarfullmektig
Sadeghi, Maria	Lærling
Steinsbø, Kjell	Rettsmeklar
Svandal, Magnus I.	Overingeniør
Wiik, Jan Ottar	Jordskiftedommar

ØKONOMI

Driftsrekneskapen for 2020 viser eit forbruk på kr. 8,7 mill. Gebyrinntektene for 2020 var på 0,8 mill.

OPPGÅVENE TIL JORDSKIFTERETTEN

Jordskifteretten er ein særdomstol som har som mål å løyse problem/spørsmål knytt til fast eigedom. Administrativt er jordskifteretten underlagt Domstoladministrasjonen. Jordskifteretten har heimel til å avsei dom i ulike eigedomstvistar samt å ta avgjerd om t.d. arealbyte, oppløysing av sameige, omskiping og avskiping av rettar og ulike bruksordningar. Ein del rettslege skjønn ligg også innanfor jordskifteretten sitt kompetanseområde. Jordskifteretten utfører grensemerking og kartlegging i sakene, slik at avgjerdene vert godt dokumenterte for ettertida. Krav om jordskiftesak skal sendast til adressa nedanfor.

Skjema kan takast ut på www.jordskifte.no. Der kan ein også finne meir informasjon om jordskiftedomstolane.

HAUGALANDET OG SUNNHORDLAND JORDSKIFTERETT

Osen 6, postboks 49, 5401 Stord

Telefon: 53 40 27 20

E-post: jstopost@domstol.no

Heimeside: <http://www.domstol.no/jsto>

Internett: www.jordskifte.no



Overingeniør Jan Vidar Kannelønning på skogtaksering.